



Styremøte i Valldal Bygdekvinnelag mandag 2.februar 2026 kl. 18 på biblioteket

Til stades: Bjørg, Gerd, May, Mette Marie, Mette NV, Magnhild

Sak 20/26 Godkjenning av innkalling og gjennomgang av referat

Innkalling godkjent.

Bjørg har gjort henv.om tilgang på ekstra stolar på sjukeheimen ved arrangement, bord, lydanlegg, songbøker. Dette må skriftleggjeraast.

Ny gjennomgang av forsikringsavtale er nødvendig. Avtale møte med dei som tidlegare har inngått forsikringsavtalen for gjennomgang.

Sak 21/26 Planlegging Bygdekvinnekveld 10.februar

Sosial kveld. Presentasjon av Lokallagssending og div.

Vertinnegruppe 1 får ansvar for servering og lotteri.

Alle har fått krav om kontingent.

Invitasjon blir sendt ut.

Sak 22/26 Prosjekt «Skulekjøkken» og vegen vidare

Gerd har handla inn på Ikea etter oppsette lister og frakta det frå Trondheim. Alt er no plassert på skulen til stor glede for brukarar og tilsette! Til no er det investert om lag 60 000 til dette prosjektet. Bør ha ei markering som omtalar heile prosjektet. Gjere noko utav det med fokus på norske råvarer, elevane må involverast i dette. Norsk mat må få ekstra fokus!

Sak 23/26 Korrespondanse med Roger S. Bruland og Lions

Lions er positive til samarbeid om dette tiltaket. Dato ikkje stadfesta pr. no.

Sak 24/26 Olsok i Valldal

Bjørg og Nelly er i arbeidsgruppa for olsok 2026.

Bør finne ut omfanget og tider for sal. Dette vart omsnakka i møtet.

Utvexling av praktiske løysingar for årets arrangement, idear og forslag var diskutert.

VBK vil stå for alt matsal, Helselaget ønskjer ikkje å vere involvert i arrangementet.

Sak 25/26 Vaffelfredagsvert, Kulturdag Valldal skule, Ballmiddag, Kviss og Syng med oss

Det har blitt forespurd om VBK kan stille på med ein vert eit par gonger i månaden.

Bjørg og Gerd har bidratt i dette til no.

Kulturdag på Valldal skule; 5 stk frå laget stiller opp og kjøper inn ingrediensar

Elles har det vore invitert til ballmiddag, gjennomført 1 kviss og 1 «Syng med oss»

Sak 26/26 Idear til innhald på Bygdekvinnekveldar

Forslag til innhald påbygdekvinnekveldane vart omsnakka.

Td. lage til ein internasjonal kveld, bedriftsbesøk m.m.

Kan vere aktuelt å ta kontakt med andre, dømme Lions om ev. samarbeid om driftsbesøk

Sak 27/26 Orientering med tilbakemeldingar om innkomne brev/epostar

Div.spm om bidrag til å stille på med ressursar til servering på møte mm.

Leiar har svart ut dei som er komne inn til no.

Sak 28/26 Anna

Ingen spesielle saker vart tekne opp til slutt.

Jubileumslista viser runde og halvrunde dagar gjennom året som bør bli markert.

Takk til Mette Marie som diska opp med kaffi og nydeleg heimebakst!

Møtet slutt kl. 20.20

Magnhild

ref.